



NOREGS HØGSTERETT

Den 22. januar 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Webster og Kallerud i

HR-2016-00170-U, (sak nr. 2016/139), straffesak, anke over orskurd:

A (advokat Juliane Margrethe Strøm Berthelsen)

mot

Den offentlege påtalemakta

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld vidare anke over lagmannsrettens orskurd om vidare varetektsfengsling.
- (2) A, fødd 00.00.1962, er tiltala for mellom anna brot på straffelova 1902 § 224 fjerde ledd, jf. første ledd bokstav b, straffelova 1902 § 317 fjerde ledd, jf. andre ledd, jf. første ledd, og straffelova 1902 § 276, jf. § 275 første ledd, jf. andre ledd.
- (3) A vart første gongen varetektsfengsla ved Bergen tingretts orskurd 24. oktober 2014. Fengslinga har deretter vorte forlenga. Fengslinga vart sist forlenga til 8. februar 2016 ved Bergen tingretts orskurd 15. desember 2015. Den vidare varetektsfengslinga er der grunna i unndragingsfare, jf. straffeprosesslova § 171 første ledd nr. 1.
- (4) A anka til Gulating lagmannsrett, som ved orskurd 30. desember 2015 forkasta anken.
- (5) *Høgsteretts ankeutval* viser til at det er tale om ein vidare anke, og at utvalet då har avgrensa kompetanse i samsvar med straffeprosesslova § 388. Anken gjeld saksbehandlinga hos lagmannsretten, som utvalet kan prøve.
- (6) Avgjerdsgrunnane er svært knappe i lagmannsretten si vurdering av om inngrepet var mishøveleg. Dette er såleis gjort ved ei tilvising til tidlegare avgjerder. I den førre avgjerda frå lagmannsretten, frå 24. november 2015, var det uttala at "hovedforhandling vil finne sted ut på vinteren 2016".

- (7) I den påanka avgjerda er det uttala at hovudforhandling først kan ventast "på nyåret 2016". Reint faktisk var og er hovudforhandling tidsett til veke 14 2016, slik det går fram av tingrettens orskurd i saka. For utvalet står det som uklart kva tidspunkt lagmannsretten reint faktisk har prøvd om inngrepet er mishøveleg opp mot.
- (8) Utvalet er ut frå dette kome til at det ligg føre manglar ved avgjerdsgrunnane som gir grunnlag for tvil om prøvinga av om inngrepet var mishøveleg har skjedd på rett faktisk grunnlag.
- (9) Etter dette må lagmannsrettens orskurd opphevast.
- (10) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.

Bergljot Webster
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Knut H. Kallerud
(sign.)

Riktig utskrift: